

VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG

ÅRSMELDING FOR 2006

(frå 8. mai 2006 til 25. januar 2007)

Meldingsåret starta med årsmøte i Sørre Hemsing 8. mai 2006.

Desse vart i styret for 2006:

Styret: Kari Hagaseth, attval

Karin Trøen Hagen

Ingrid Skavhaug

Leif Sørum, ny

Bente Granlund, ny

Vararepr.: Jan Sparstad, attval

Ole Kjetil Granlund, ny

Vararepresentantane vert kalla inn til alle styremøter.

Valnemd: Nils Leine, attval

Ivar Hemsing, ny

Anne L. Belsheim, ny

Revisorar: Arne Belsheim og Boye Thorpe, attval på begge.

Styremedlemmene har hatt desse oppgåvene: Karin nestleiar, Ingrid skrivar, Leif kasserar og Bente styremedlem.

Laget har hatt to styremøter i meldingsåret, 1.11.06 og 25.1.07

Laget har 43 medlemmer.

Landskappleiken vart arrangert på Beitostølen frå 28. juni til 2.juli. I den samanheng vart det ein del arbeid for å skaffe dugnadsarbeidarar til stemnet. Mange medlemmer frå laget og andre frå Vang gjorde ein flott innsats med frivillig arbeid på kappleiken. Det var trivelege og inspirerande dagar på Beitostølen.

Strunkeveko og Jørn Hilme stemnet gjekk for seg siste veka i juli. Seks ungar frå Vang deltok på Strunkeveko, og fleire foreldre hadde diverse oppdrag som vakter og kioskarbeidarar. Karin Trøen Hagen har også i år hatt ansvaret for å få skaffa alle vaktene (for 3. eller 4. året på rad) .På Jørn Hilme stemnet trengst det også arbeidarar. Nei, ein slepp ikkje unna, så me stiller opp som vakter på museet og som funksjonærar på tevlingskontoret.

2. september vart det halde ein fin fest for alle dugnadsarbeidarar på Beitostølen.

10. november fekk me avvikla ekstrapremien frå lokalkappleiken. Då var Ole Kjetil Granlund og Anna Ødegården, Gro Arneng, Knut og Ole Aastad Bråten på Pizzahytta. Pizzaen vart sponsa av Hytta... tusen takk til dei!

Medlemmene i laget bidreg på forskjellige ting. Eit friskt innslag på 4H sin haustfest var Synnøve Sørum og Randi Ødegården sin springar, med Anna Ødegården som spelemann på langeleik. Dette var 28. oktober 2006.

Me har ivrige medlemmer i laget, for sist i oktober reiste Tora Skavhaug Vik og mora Ingrid Skavhaug på Vestlandskappleiken på Voss.

VALDRESKVELVEN SPEL- OG DANSARLAG, ÅRSMELDING 2006

Anna Ødegården spelte langeleik på Plakettutdelinga i Oppland 4H på Lillehammer 25. november 2006.

Tradisjonsdans held på, på tredje året, på Fagernes. Dette er først og fremst eit tilbod til ungdommar på vidaregåande på Leira, men også til 10. klassingar. I år er Sigmund Sørum, Johannes Vatn Weisser, og Randi Ødegården med frå Vang. Desse har også vore med på tradisjondans tidlegare år: Ivar Jørgen Trøen Hagen, Synnøve Sørum, Frida Skavhaug Vik.

Ivar Hemsing var på mottaket fire fredagar i nov./des. Tema var norsk dans og musikk. Siste kvelden var i tillegg Tora Skavhaug Vik, Ola Norvald Hagen, og Tomas Hillestad med. Ingrid Skavhaug stod for opplegget gjennom jobben sin.

Springardansinga på Kvamshall starta oppatt i haust, og fleire frå Vang fann stor hugnad i å reise dit og danse springar! Eit uhøgtidleg, sosialt og veldig triveleg tiltak som mange fleire burde nytte seg av. Det er plass til mange fleire på dansegolvet!

I haust var det også eit springarkurs på Kvamshall 10. og 11. november med Frode Rolandsgard og Aaste Månum Ødegaard som instruktørar. Tora Skavhaug Vik, Ingrid Skavhaug, Ivar Hemsing og Anne Marthe Hemsing deltok.

Det er fele og langeleikelevar i kulturskula. Felespelinga går føre seg i Haga hjå Karin og Ola N., kvar måndag med Jan Beitohaugen Granli som lærar. Elevane er Tora S. V., Kari Marie Trøen Hagen, Ola Ingar Trøen Hagen, Marit Kvam, Jørgen Kvam, Ole Kjetil Gralund. Anne Marthe Hemsing har også vore innom. Elevar på langeleik i år er Kjellaug Daa Mæland, Ann Iren Moen, Solveig Vatn Weisser og Anna Ødegården. Lærar er Kari Hagaseth.

For tredje året på rad vart det arrangert ungdomsfest på Ål, med Martin Myhr som primus motor. Anna Ødegården, Tora Skavhaug Vik, Tord Hermundstad og Kristin Fuglesteg Moe (Øystre Slidre) var med dit og Ingrid Skavhaug var sjåfør!

Laget er medlem i Vang folkeakademi og Norsk Kvedarforum.

To gonger i året har VFL møte for leiarane i lokallaga.

Aktiviteten i laget vil variere frå år til år, og slik må det vel bli når det er ganske få som er aktive medlemmer. Styret takkar alle som har bidrage til gode for folkemusikken og dansen.

Liagardane 27. januar 2007

Kari Hagaseth